ALVER
KOMMUNE

Bergen og Omland Farvannsforvaltning Iks
Postboks 6040
5892 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Anne Lise Molvik | 25.02.2021 |
| Vår: 21/569 - 21/12796 | anne.lise.molvik@alver.kommune.no | |

# Oversender søknad om dispensasjon frå arealføremål og byggegrense mot sjø og vassdrag til uttale - gbnr 214/118 Fyllingsnes

| | |
| --- | --- |
| **Tiltak:** | Avløpsanlegg og parkeringsplass |
| **Byggjestad:** | Gbnr: 214/118 |
| **Tiltakshavar:** | Alver kommune, Eigedom |
| **Ansvarleg søkjar:** | Haugen VVA AS |

Saka gjeld søknad om bygging av ny tilkomstveg frå Fyllingsnesvegen til ny parkeringsplass, køyrbar gangveg til sjø i Litlevågen, samt etablering av kommunalt avløpsanlegg med slamavskiljar og utsleppsleidning til sjø. Tiltaket omfattar gbnr 214/2, 214/114 og 214/118.

Alver kommune skal etablera nytt avløpsanlegg for eksisterande og nye bustadar langs Fyllingsnesvegen og Litlevågsbrotet. Avløpsanlegget skal dimensjonerast for inntil 86 bustadar og framtidig skule. Eksisterande eigedomar, som i dag har private enkeltanlegg, vil bli sanert. I tillegg skal avløp frå bustadane innanfor den nyleg godkjende reguleringsplanen for Nystøltunet (1263-201603) koplast til anlegget.

Etablering av parkeringsplass og gangveg til sjø skal skje i samarbeid med Bergen og Omland Friluftsråd og vil leggja til rette for bruk av friluftsområdet i Litlevågen.

Denne oversendinga gjeld etablering av anlegget etter plan- og bygningslova. Søkjar opplyser om at det vil verta send inn eigen søknad om utsleppsløyve etter forureiningslova.

**Planstatus**
Tiltaket skal etablerast i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Lindås (planid. 1263201805) sin arealdel er definert som LNF-føremål og friområde på land. Arealet i

sjø er avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone og omsynssone friluftsliv. Området inst i vågen er avsett til friområde i sjø. Eit område langs austre del av vågen er omfatta av faresone ras- og skredfare. Det går ein bekk gjennom området.

**VURDERING**
Tiltaket krev søknad om dispensasjon frå arealføremåla LNF og friområde, pbl § 1-8, byggeforbodet i strandsona, og byggegrensa mot vassdrag, jf. føresegn 2.6.1.

**Veglova**
Det er søkt om dispensasjon frå byggegrensa langs kommunal veg. Søknaden vert oversend vegavdelinga.

Tiltaket får tilkomst frå kommunal veg via eksisterande avkøyrsle. Det må søkjast om utvida bruk av avkøyrsla til gbnr 214/47.

**Jordlova**
Det må vurderast om tiltaket krev behandling etter jordlova.

**Andre tilhøve**
Det ligg føre utgreiingar om flaumfare og naturmangfald.

**Frist**
Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

| | |
|---|---|
| Marianne Aadland Sandvik | Anne Lise Molvik |
| Avdelingsleiar | Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
27 Annet_19039-B02_2.pdf
Søknad om rammetillatelse for avløpsanlegg og parkeringsplass - gbnr 214/118 Fyllingsnes
3 Dispensasjonssøknad - Fyllingsnes-vedlegg B-1pdf
12 Situasjonsplan 19039-B01.pdf
13 Situasjonsplan 19039-GH01.pdf
14 Tegning NyPlan_19039-C02.pdf
15 Tegning NyPlan_19039-GH02.pdf
16 Tegning NyPlan_19039-C01.pdf
17 Tegning NyPlan_19039-GH03.pdf
19 Tegning NyttSnitt_19039-GH10.pdf
20 Tegning NyttSnitt_19039-GH11.pdf
21 Tegning NyttSnitt_19039-U02.pdf
22 Tegning NyttSnitt_19039-U01.pdf
23 Tegning NyttSnitt_19039-U03.pdf
18 Tegning NyttSnitt_19039-F01.pdf
25 ANDRE MYNDE_AvklaringVA_19039-Not02_VA.pdf

**Vedlegg:**
26 Redegjørelse - SkredOgFlom_19039-Not01_flom.pdf
NNI Rapport 566_2020_Fyllingsnes Alver Nytt VA-anlegg og vei_Tema naturmangfold_endelig versjon
28 Annet_Fyllingsnes-vurdering merknader_C3.pdf
Oversiktskart parkeringsplass og avløpsanlegg - gbnr 214-118

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Eigedom Alver kommune | Postboks 4 | 5906 | FREKHAUG |
| Haugen VVA AS | Kanalveien 5 | 5068 | BERGEN |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Alver kommune ved landbruksavdelinga | | | |
| Alver kommune ved Samferdsel, veg og VA - forvaltning | | | |
| Bergen og Omland Farvannsforvaltning Iks | Postboks 6040 | 5892 | BERGEN |
| Norges Vassdrags- og Energidirektorat (nve) | Postboks 5091 Majorstua | 0301 | OSLO |
| Statsforvaltaren i Vestland | Njøsavegen 2 | 6863 | LEIKANGER |
| Vestland fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | BERGEN |